

# Evjer langs Surna Viltregistreringar 2018-2019

Stenberg, I., Heggset, J. og Røv, N. 2020

Rapport til Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
frå  
Ingvar Stenberg Biolog



## FØREORD

Denne rapporten er ei oppfølging av tidlegare notat levert Fylkesmannen i Møre og Romsdal, med generell omtale av biologisk viktige område i Surnas sidebekkar og evjer på strekninga Raner - Fiske (Stenberg 2018). Notatet vurderte og trugsmål og forslag til biotiltak, og var eit innspel i samband med ein planlagt verneprossess av norsk natur. Vesentleg basert på nyregistreringar i 2019 omhandlar føreliggande rapport mangfald av vilt, med hovudvekt på fugl. Resultat-delen er ei liste over artsobservasjonar i dei åtte undersøkte områda. Til slutt følger ei oppsummering med vurderingar.

Feltregistreringane i 2019 er utført av rapportforfattarane. Vi vil takka Fylkesmannen i Møre og Romsdal for økonomisk støtte til arbeidet.

25.02.2020

6640 Kvanne

Ingvar Stenberg

Lykkjeeidet 1115, 6640 Kvanne

[Ingvar.Stenberg.2@gmail.com](mailto:Ingvar.Stenberg.2@gmail.com)

Foto forside frå evja ved Røv viser havørn som spiser laks, laksand, oter og rådyr  
Foto Nils Røv.

## SAMANDRAG

Rapporten omhandlar viltbiologiske registreringar i Surnas evjer og kroksjøar på strekninga Raner-Fiske. Det er lagt hovudvekt på sesongen 2019, med fokus på fuglekartlegging. Eitt område (Røv) vart prioritert, både ved heilårs kartlegging og med flest feltdagar i hekkesesongen april-juli (15 dg). Registreringar i dei sju andre områda er primært frå hekkesesongen (1-3 dg). I alt 57 fugleartar vart påvist i hekkesesongen, og tal på artar varierte mellom 19 og 36 for områda, bortsett frå minste området med 13 artar. Det var relativt likt artstal av sporvefugl, vesentleg tilknytta kantvegetasjonen (19-24 artar), med eitt unntak (11 artar). Mest talrike av sporvefugl var gråtrast og gulsongar, mest fåtalig var møllar, tornsongar, sivsporv og vintererle. Ande- og vadefugl er viktige grupper tilknytta vatnbiotopar, men vadefugl var svakt representerte som hekkefuglar. Einast strandsnipe og tjeld er å rekna for hekkande (evt raudstilk somme år). Stokkand, krikand, laksand og kanskje kvinand er hekkefuglar, på trekk opptre også brunnakke, toppand og siland. Mest talrike andefugl utanom hekkesesongen er stokkand (opptil 50 stk) og songsvane (opptil 30 stk). Begge artane brukar truleg evjene langs Surna vekslevis i vinterhalvåret, avhengig av tilgang på isfrie område og stubbemark. Av pattedyr forekjem både oter og bever, i tillegg til meir vanlege artar som t.d. grevling og hjortevilt. Av amfibiar er både nordpadde og buttsnutefrosk utbreidd. Selje og vier i kantskogane er utnytta av beitande viltartar inkludert bever, som er under etablering i vassdraget. Dette viser at dei kartlagte områda utgjer rike og verdifulle biotopar med eit breitt spekter av viltartar.

# INNHALD


1. Innleiing.....	5
2. Resultat.....	6
2.1. 2018.....	7
2.1.1. Evje ved Røv.....	7
2.2. 2019.....	9
2.2.1. Evje ved Røv.....	9
2.2.2. Bekkerholmen.....	11
2.2.3. Setergrytå.....	13
2.2.4. Evje ved Krangnes.....	15
2.2.5. Evje ved Møgstad.....	17
2.2.6. Evje ved Gulla.....	19
2.2.7. Tjuvevja.....	21
2.2.8. Omkløvhølen.....	23
3. Oppsummering og vurderingar.....	28
4. Litteratur.....	29

# 1. INNLEIING

Restar av gamle elveløp med evjer er eit felles viktig element for områda omtalt i rapporten. Områda er av ulik storleik, og innslaget av vegetasjon varierer. Alle er avgrensa av eit belte kantvegetasjon mot dyrkamarka omkring (**Fig. 1 -11**). Somme stader er kantskogen godt bevart, andre stader truga av hogst. Kantskogen har viktig økologisk funksjon, ikkje minst som hekkeplass for sporvefugl, som normalt har rekordhøg tettheit i denne skogtypen (sjå t.d. Stenberg 1985).

Reguleringa av Surna har begrensa flaumvirkninga. Bortsett frå strenge kuldeperiodar går store delar av Surna vinteropen nedstrøms kraftstasjonen på Harang, ovafor undersøkt område. Dette gir grunnlag for overvintring av vatnfugl. Berre frå evja ved Røv var gjort registreringar også utafor hekketida for fugl (august-april), både i 2018-2019, med hovudvekt på vatntilknytt artar. Særleg for andefugl, som ikkje har permanent tilhald i Røvs evja, men truleg vekslar mellom eigna beiteplassar i elva på denne årstida, illustrerer dette truleg også bruk av liknande område omtalt i rapporten (ikkje undersøkt vinterstid i 2019).

Fugl er kartlagt mest målretta. Rapporten viser maksimumstal når det er gjort teljingar i 1-2 påfølgande dagar. Tal på takseringsdagar i hekketid er størst for Røv (15 dg i 2019). Dei fleste andre områda vart taksert tre gonger i hekketida, med unntak av Gulla (2) og Tjuvevja (1). Takseringane gir ein peikepinn på bestandar av fugl, men utan å gi eksakte tal. Registrering av hekkande sporvefugl er vesentleg basert på syngande, territoriehevdande hannar. For andefugl med meir skjult levevis i hekketida, bygger vi i større grad på registreringar under etablering for hekking. Sporsøk etter pattedyr vart utført berre i berrmarksesongen (Røv er også sjekka vinterstid). Det vart ikkje gjort noko søk etter flaggermus. Bolme (2018) påviste yngledammar for padde (åtte lokalitetar) og frosk i evjer og kroksjøar på Surnas nordside. Funna er ikkje referert her, og det vart heller ikkje gjort noko målretta søk etter amfibiar i 2019, men observasjonar er notert. Frå nyare tid er ikkje forekomst av salamander kjent, og ingen krypdyr var observert under feltarbeidet. Enkelte observasjonar av andre faunagrupper er og nemnt i rapporten. For utfyllande omtale av naturforhold, fauna og vegetasjon, i første rekkje av områda på nordsida av elva viser vi til Aune 2005, Gaarder & Hanssen 2015 og Mjelde m.fl. 2014 (oppsummert av Bolme 2018). Omtalen av områda bygger elles på Stenberg (2018).



**Figur 1.** Dei undersøkte områda langs Surna (tre på sørsida og fem på nordsida).

## 2. RESULTAT

Forkortingar og omgrep nytta i rapporten:

sy=syngande

juv = juvenil fugl, dvs ung flygedyktig fugl i si første fjærdrakt

adult = gammal, kjønnsmoden fugl i utfarga drakt

hunnfarga - brukt om ender i første leveår, da det kan vera vanskeleg å bestemma kjønn

ind= individ

Viltregistreringane i rapporten er innlagt på [www.artsobservasjonar.no](http://www.artsobservasjonar.no) under følgane lokalitetar:

Surna - evje Røv

Surna - Bekkerholmen

Surna - Setergrytå

Surna . evje Krangnes

Surna - evje Mogstad

Surna - evje Gullla

Surna - Tjujevja

Surna - Omkløvhølen

I rapporten er avgrensing av områda vist på luftfoto frå 2018 ([www.norgebilder.no](http://www.norgebilder.no)).  
Foto er tatt av Ingvar Stenberg når ikkje anna er opplyst.



## 2.1 2018

### 2.1.1 Evje ved Røv

Høgkleivbekken som kjem frå aust dannar dammen Småøykjela før utløpet i evja ved Røv.



**Figur 2.** Evja ved Røv er viktig beiteområde for stokkand om vinteren (Foto Nils Røv).

## Fugl

Art	12.02.	17.03.	22.03.	14.04.	01.05.	24.06	25.06.	20.12.
Songsvane								1 par+juv
Stokkand	1 hann			1par+1hann	2 par	2 kull		20 ind
Brunnakke					1 par			
Krikkand					1 par			
Topband					1 hunn			
Kvinand	1 hunn	1par+1hann		1 par		2 hunn		1 par
Laksand	2 hann+ 1 hunn	1par+1hann	1hann+ 2hunn	1 par	3 par	eit kull		1 par
Siland				1 hann				
Gråhegre				1 ind				
Havørn			1 adult					
Fossefall	1 ind	2 ind	2 ind	1 ind		1 ind		

## Pattedyr

Oter-observasjonar: 12.02. (2 ind), 03.03. (ferske spor), 20.03., 14.04. og 20.12. (1 ind).

Mink observert 19.12. (1 ind). Han er vorte sjeldnare.

## Amfibiar

Padde vert observert årvisst på den gamle slåttemarka ved Røv. Einaste moglege yngleområde er evja, der også frosk ynglar.



## 2.2. 2019

### 2.2.1. Evje ved Røv - Januar-mars

#### Fugl

Art	09.01.	23.01.	20.03.	28.-29.03
Stokkand	32 ind		40 ind	50 ind
Kvinand	1 par	2 ind		6 hann, 1hunn
Laksand	1 par	1 par+1hann		1 par
Storskarv			1 ind	
Gråhegre				1 ind

#### Pattedyr

23.01. Tre rådyr observert

09.05. spor etter grevling

### Evje ved Røv - April

#### Fugl

Art	04.-05.04.	07.- 09.04.	10.-11.04.	14.04.	18.04.	25.-26.04.	29.04.
Stokkand	50 ind	18 ind	1 par+1 hann			2hann+ 1 hunn	
Krikkand					5 ind	1 par	
Kvinand	6hann+1hunn	2par+2hann	1 par	4 hann, 2 hunn			
Laksand	1 par	1hunn	2hann+1hunn			2par,1hann	
Siland			1hann			2hann	
Gråhegre	2 ind		1 ind				
Trane							1 par
Tjeld						1 par	
Strandsnip e						1 ind	
Rugde						1 ind	
Flaggspett						1 sy	
Fossefall		1 ind		1 ind			

## Evje ved Røv - Mai-juli

Art	09.05.	29.05.	27.07.	29.07.
Stokkand		7 hann		ungekull (4)
Krikkand	1 par			
Kvinand	2hann, 1hunn	1 hunn		
Laksand			ungekull (9)	
Gluttsnipe	1 par			
Fossekall		1 ind		
Jarnsporv	1 hann sy			
Måltrast	1 hann sy			
Raudvengtrast	1 par	2 hann		
Gråtrost	fleire	2 par		
Svartrast	1 ind varslar	1 ind		
Hagesongar		1 hann sy		
Munk		1 hann sy		
Gulsongar		1 hann sy		
Gransongar	1 hann sy	1 hann sy		
Grå fluesnappar		1 ind		
Kjøttmeis	1 ind varslar	1 hann sy		
Blåmeis	1 ind varslar	1 hann sy		
Gråsporv		1 ind		
Bokfink	2 hann sy	1 hann sy		
Bjørkfink	1 ind varslar	1 hann sy		
Grønsisik		1 hann sy		
Sivsporv	1 hann sy	1 hann sy		
Gulsporv	1 hann sy	1 hann sy		

Låvesvale, sandvale og taksvale jaktar insekt over elva og evja heile sommaren

Raudstilk rastar oftast kvar vår

Sivsongar syng og hevdar revir somme år (ikkje påvist 2019)

### Anna fauna

29.05. fleire trepigga stingsild

## Evje ved Røv -August-oktober

### Fugl

Art	04.08.	08.08.	12.-13.08.	10.09.	12.09.	08.10.	20.10.
Stokkand			2 ind	7 juv		10 ind	30 ind
Krikkand						5 ind	
Kvinand		1hunn				1 ind	
Laksand	ungekull		ungekull	9 hunnfarga	1 hunnfarga		

20.12: 7 songsvanar, 15 stokkand, 2 laksand, 3 havørn (2 vaksne+1 juv).

### 2.2.2. Bekkerholmen



**Figur 3.** Område Bekkerholmen med gammel gråor-heggskog.

Bekkerholmen er den støste holmen i Surna, avgrensa i sør av eit gammalt elveløp med gjennomstrømming. Eit avstengt bekkeløp/evje går gjennom skogen i sørkant. Innslag av alm og selje viser gode vekstforhold i ore- og heggeskogen, som truleg nærmar seg hundre år (no i ferd med å hoggast for oppdyrking).

## Fugl

Art	26.04.	09.05.	29.05.
Krikkand		1 hann, 2 hunn	
Kvinand		1 hann	
Strandsnipe		1 ind	
Fossefall			1 ind
Jarnsporv	1 hann sy	2 hann sy	1 hann sy
Raudstrupe	1 hann sy	1 hann sy	
Måltrast	synger		
Raudvengtrast		1 hann sy+ 1 par (reir)	3 hann sy
Gråtrast	koloni i etablering	fleire	5 par
Svartrast		1 hann sy	1 ind
Hagesongar			1 hann sy
Munk	1 hann sy	1 hann sy	1 hann sy
Gulsongar			4 hann sy
Gransongar	3 hann sy	2 hann sy	3 hann sy
Svartkvit fluesn			1 hann sy
Kjøttmeis			1 hann
Blåmeis	1 hann sy	1 hann	1 ind
Kråke			1 ind
Bokfink		5 hann sy	2 hann sy
Bjørkfink		1 hann sy	1 hann sy
Grønsisik			kull utfloge
Grønfink			kull utfloge
Gulsporv			1 hann sy

20.12: 2 ind havørn på elvebredda .

## Amfibiar

Frosk har gteplass i ein dam (no prega av attgroing)



### 2.2.3. Setergrytå



**Figur 4.** Utløp av bekken Setergrytå frå Setergrytvatnet, omgjeve av gråor-heggeskog.

## Fugl

Art	25.04.	09.05.	29.05.
Laksand		4 hann + 1 hunn i elva	4 hann på elvekanten
Strandsnipe		1 ind	1 ind + 1 ind utløpet
Fiskemåse			11 ind på elvebredda
Ringdue			1 ind
Kattugle			1 ind
Linerle		1 ind	1 ind
Jarnsporv			1 hann sy
Raudstrupe	1 hann sy	1 hann sy	
Måltrast		1 hann sy	
Raudvengtrast	2 hann sy	1 hann sy	1 hann sy +1 reirfunn
Gråtrost	koloni i etablering	koloni i etablering	4 par
Svarttrast		1 ind	1 ind
Munk		3 hann sy	2 hann sy
Gulsongar			4 hann sy
Lauvsongar		1 hann sy	
Gransongar		1 hann sy	3 hann sy
Gråfluesnappar			1 ind
Svartkvit fluesnappar			2 hann sy
Blåmeis		1 hann sy	Reir i bruk
Stare		reir i bruk	Reir i bruk
Bokfink		2 hann sy	1 hann sy
Bjørkefink		2 hann sy	2 hann sy
Gråsisik		1 hann sy	
Grønsisik		1 hann sy	utfloge kull

## Pattedyr

09.04: ferske spor av grevling

## Amfibiar

29.05: rumpetroll av frosk eller padde i liten dam



#### 2.2.4. Evje ved Krangnes



**Figur 5.** Evje ved Mogstad. Kantskogen på landtangen t.v. melom evja og hovudelva, kalla "Holmen", er frodig og stadvis ganske tett, med noko vier og selje nærmast utløpet.

## Fugl

Art	26.04.	12.05.	04.06.
Songsvane		2 ungfugl	
Stokkand	1 par+1 hann		
Krikkand	1 hann		
Kvinand	4 hann + 1 hunn i elva		
Laksand		1 par	
Strandsnipe			1 ind
Ringdue			1 ind
Flaggspett			1 ind
Linerle			1 ind
Jarnsporv	fleire hannar sy	hann sy	2 hann sy
Raudstrupe		1 hann sy	
Måltrast			2 hann sy
Raudvengtrast	1 hann sy		2 hann sy
Gråtrost	Enkelte fugl		
Svarttrast			1 ind
Hagesongar			1 hann sy
Gulsongar			1 hann sy
Munk		1 hann sy	4 hann
Møllar	1 hann sy		
Lauvsongar			1 hann sy
Gransongar	syng	2 hann sy	2 hann sy
Gråfluesnappar			1 ind
Kjøttmeis		1 ind hørt	1 ind
Blåmeis		1 ind varslar	
Lauvmeis			1 ind
Kråke	brukt reir		1 ind
Stare			
Bokfink	1 ind		4 hann sy
Bjørkefink		2 hann sy	
Sivsporv		1 hann sy	

Evja er nytta om beiteplass for hegre og overvintrande songsvane

## Pattedyr

26.04. spor av grevling,

08.08. spor av elg, hjort og rev



### 2.2.5. Evje ved Mogstad



**Figur 6.** Evja ved Mogstad har både åpne parti og område med vatnvegetasjon, og kantskogen er intakt.

## Fugl

Art	26.04.	09.05.	04.06.
Stokkand		1 par	
Krikkand	1 ind		
Strandsnipe			1 ind
Gråmåse			12 ind rastar
Sildemåse			6 ind rastar
Ringdue			4 ind
Gauk			1 ind
Flaggspett		1 hann trommar	
Jarnsporv		1 hann sy	4 hann sy
Raudstrupe	1 hann sy		3 hann sy
Måltrast		1 hann sy	
Raudvengtrast	1 hann sy	3 hann sy + 1 par	7 hann sy
Gråtrost	fleire ind	fleire ind	9 par
Svarttrast			1 ind
Hagesongar			3 hann sy
Munk	1 hann sy	1 hann sy, 1 varslar	4 hann sy
Gulsongar			7 hann sy
Lauvsongar		1 hann sy	1 hann sy
Gransongar	1 hann sy	1 hann sy	2 hann sy
Gråfluesnappar			1 ind
Kjøttmeis		1 hann sy	
Blåmeis		2 hann sy	1 ind+ 1 reirfunn
Lauvmeis			1 ind
Bokfink	1 hann sy	2 hann sy	9 hann sy
Bjørkefink		1 hann sy	1 hann sy
Gråsisik		1 hann sy	
Grønsisik		1 hann sy	utfloge kull
Grønfink	1 hann sy	1 hann sy	
Gulsporv		1 hann sy	1 hann sy

Fjærfunn viste trane drept av predator 26.04.

Første kjente etablering av rosenfink langs Surna var ved Mogstad.

## Pattedyr

09.05. Gnagespor etter bever

## Amfibiar

04.06. Larver av buttsnutefrosk

## Anna fauna

Stor bestand av hesteigler i denne evja (finst truleg også i andre evjer)



## 2.2.6. Evje ved Gulla



**Figur 7.** Evja ved Gulla er omgjeve av eit malt belte kantskog (foto frå hausten 2003).

## Fugl

Art	26.04.	05.06.	08.08.
Stokkand	4 hann, 2 par		
Krikkand			1 ind
Kattugle		reir i bruk	
Låvesvale		overflygande	
Linerle		1 ind	
Jarnsporv		1 hann sy	
Raudstrupe		1 hann sy	
Måltrast		1 hann sy	
Raudvengtrast		1 hann sy	
Gråtrast		2 par	
Svarttrast		reir i bruk	
Munk		1 hann sy	
Tornsongar		1 hann sy	
Gulsongar		1 hann sy	
Gransongar	1 hann sy		
Ramn		søker næring	
Kjøttmeis		1 ind	
Grønsisik		utfloge kull	
Gulsporv	1 hann sy	1 hann sy	

## Amfibiar

05.06. Rumpetroll av frosk eller padde

## Anna fauna

03.11. 21 ind av trepigga stingsild



## 2.2.7. Tjuvevja



**Figur 8.** Tjuvevja hausten 2003 (t.v.) og 2018 .



**Figur 9.** Pågåande jorddyrking ved Tjuvevja kan bety at skogbeltet omkring blir sterkt redusert eller går tapt (foto frå november 2018)

## Fugl

Art	05.06.
Strandsnipe	1 ind
Fiskemåse	1 ind
Linerle	1 ind
Raudstrupe	1 hann sy
Raudvengtrast	2 hann sy
Gråtrast	1 par+1 reirfunn
Svartrast	1 ind
Gulsongar	1 hann sy
Grå fluesnappar	1 ind
Kjøttmeis	1 ind
Bokfink	2 hann sy
Grønsisik	1 hann sy
Gulsporv	1 hann sy

## Amfibiar

05.06. Buttsnutefrosk



## 2.2.8. Omkløvhølen







**Figur 10.** Omkløvhølen er eit av dei største og kanskje det mest velutvikla våtmarksområdet langs Surna. Vatnvegetasjonen er frodig med sjeldne artar (t.d. evjebrodd).



**Figur 11.** Kantskogen omkring Omkløvhølen har rik vegetasjon med innslag av alm.

Området er sterkt prega av ei rekkje kraftliner som kryssar forbi, og redusert som naturdokument pga kollisjonsfaren som dette betyr for fuglelivet.

## Fugl

Art	25.04.	09.05.	29.05.
Stokkand	2 hann+ 1 par		3 hann
Kvinand	1 hann+ 1 par		1 hunn
Laksand	2 hann	2 hann, 1 hunn	1 hunn
Gråhegre	2 ind		
Havørn		1 adult	
Skogsnipe	1 ind		
Strandsnipe		1 ind	1 ind
Gluttsnipe			1 ind
Grønnspekk		1 ind sy	1 hunn
Flaggspekk		brukt reir	
Låvesvale			1 flyr over
Linerle			1 ind
Vintererle			kull utfloge
Jarnsporv	1 hann sy	1 hann sy	1 hann sy
Raudstrupe	1 hann sy	1 hann sy	
Måltrast		1 hann sy	
Raudvengtrast	1 hann sy	1 hann sy	3 hann sy
Gråtrost	fleire ind	fleire ind	6 par
Svarttrast	1 hann sy		reirfunn+1 ind
Hagesongar			1 hann sy
Munk		1 hann sy	3 hann sy
Gulsongar			6 hann sy
Lauvsongar		1 hann sy	1 hann sy
Gransongar	3 hann sy	4 hann sy	4 hann sy
Grå fluesnappar			3 ind
Svartkvit fluesnappar		1 hann sy	1 hann sy
Kjøttmeis		1 ind varslar	
Blåmeis	1 ind	1 ind sy	1 ind
Kråke		1 ind	1 ind
Stare			reir i bruk
Bokfink	2 par	2 hann sy	7 hann sy
Grønsisik			kull utfloge
Gulsporv			1 hann sy

08.08. minst hundre bok- og bjørkfink på trekk

## Pattedyr

09.05. fersk elgmøkk

## Amfibiar

25.04. buttsnutefrosk i paringsleik

## Anna fauna

03.11. 77 ind av trepigga stingsild fanga i ruse



I 2019 var ialt registrert 58 fugleartar i dei åtte omtalte områda (**Tabell 1**). I hekketid, da totalt 57 fugleartar var påvist, fantest flest artar ved Røv (36) og Omkløvhølen (32), tett fulgt av Krangnes og Mogstad (29). Nokre færre artar hadde Setergrytå (24), Bekkerholmen (23), medan færrest fantest ved Gulla (19) og Tjuvevja (13).

**Tabell 1 a-c.** Oversikt over registrerte viltartar i 2019 i hekketid april-juli (●), august-april (□) og begge periodar (◐). Usikker artsbestemming er vist med ?

**1a. Fugl**

	Røv	Bekkerh	Setergr	Krangnes	Mogstad	Gulla	Tjuv	Omkløv
Songsvane	□			●				
Stokkand	◐			●	●	●		●
Krikkand	◐	●		●	●	●		
Kvinand	◐	●		●				●
Laksand	◐		●	●				●
Siland	●							
Storskarv	□							
Gråhegre	◐							●
Havørn	□	□						●
Trane	●							
Tjeld	●							
Skogsnipe								●
Strandsnipe	●	●	●	●	●		●	●
Gluttsnipe	●							●
Rugde	●							
Fiskemåse			●				●	
Gråmåse					●			
Sildemåse					●			
Ringdue			●	●	●			
Gauk					●			
Kattugle			●			●		
Grønnspekk								●
Flaggspekk	●			●	●			
Sandsvale	●							
Låvesvale	●					●		●
Taksvale	●							
Linerle	●		●	●		●	●	●
Vintererle								●
Fossekall	●	●						
Jarnsporv	●	●	●	●	●	●		●
Raudstrupe		●	●	●	●	●	●	●
Måltrast	●	●	●	●	●	●		●
Raudvengtrast	●	●	●	●	●	●	●	●
Gråtrast	●	●	●	●	●	●	●	●
Svarttrast	●	●	●	●	●	●	●	●
Hagesongar	●	●		●	●			●
Munk	●	●	●	●	●	●		●
Tornsongar						●		
Møllar	●			●				
Gulsongar	●	●	●	●	●	●	●	●



	Røv	Bekkerh	Setergr	Krangnes	Mogstad	Gulla	Tjuv	Omkløv
Lauvsongar			•	•	•			•
Gransongar	•	•	•	•	•	•		•
Gråfluesnappar	•		•	•	•		•	•
Svartkvit fluesn		•	•					•
Kjøttmeis	•	•		•	•	•	•	•
Blåmeis	•	•	•	•	•			•
Lauvmeis				•	•			
Ramn						•		
Kråke		•		•				•
Stare			•					•
Gråsporv	•							
Bokfink	•	•	•	•	•		•	•
Bjørkefink	•	•	•	•	•			
Gråsisik			•		•			
Grønsisik	•	•			•	•	•	•
Grønfinnk		•	•		•			
Sivsporv	•			•				
Gulsporv	•	•			•	•	•	•

tal på artar  
i hekketid

totalt	36	23	24	29	29	19	13	32
sporvefugl	24	20	19	21	21	16	11	23

### 1b. Amfibiar

	Røv	Bekkerh	Setergr	Krangnes	Mogstad	Gulla	Tjuv	Omkløv
Buttsnutefrosk	•	•	•?		•	•?	•	•
Nordpadde			•?			•?		

### 1c. Pattedyr

	Røv	Bekkerh	Setergr	Krangnes	Mogstad	Gulla	Tjuv	Omkløv
Hjort				□				
Elg				□				•
Rådyr	□							
Raudrev				□				
Grevling	•		•	•				
Bever					□			

vinteren 2018 var både oter og villmink observert i evja ved Røv

### 3. OPPSUMMERING OG VURDERINGAR

Av dei registrerte fuglane må andefugl og vadefugl reknast som mest tilknytta vatn. Hekking av ender vart ikkje dokumentert utanom Røvsevja, der kull av både stokkand og laksand var sett (begge artar 24.06.2018; laksand med ni kjuklingar 27.07.2019). Fordi ungane kan ha forflytta seg eit godt stykke i elva etter klekking, er klekkestaden ukjent. Tidlegare år er funne reir av krikand ved tilløpsbekken (N. Røv). Trass i at kvinand opptrer parvis i april-mai ved Røvsevja, er kull aldri registrert. Siland, toppand og brunnakke som enkelte gong er påvist her i april-mai, må reknast som rastande på trekk. Utanom hekketid er stokkanda mest talrik i dette området. På det meste samlast omkring 50 fugl her om vinteren, av laksand og kvinand opptrer berre enkeltindivid. Midtvinters beiter overvintrande songsvane på vatnvegetasjonen i evja, og flokkar på titals fugl overnattar her (30 stk på februar 2020). Somme gonger prøver havørn som patruljerer langs elva seg på andejakt. Ein sjeldan gjest er storskarven. Ein gong slo han seg ned ved munningen av evja.

Dei andre områda vart ikkje undersøkt utanom hekkesesongen. Ein kan likevel anta at område med liknande naturforhold byr vatnfugl tilsvarende gode vilkår for vinterbeite (i første rekkje Krangnes, Mogstad og Omkløvhølen). Såleis nyttar songsvanen også i evja ved Krangnes som beite. Liknande vurderingar gjeld truleg og for områdas funksjon som hekkebiotop. I tillegg til Røv - med fem andeartar påvist - tyder registreringane av ender i tidleg hekkefase på at Krangnes (4 artar) og Omkløvhølen (3 artar) er viktigast. Som ledd i nyetableringar av songsvane kan det tenkast at han vil finna eigna reirplassar langs Surna. Observasjonar etter normal tid for nordtrekk kan vera ein indikasjon på dette (t.d. to ikkje utfarga individ 12.05.2019).

Strandsnipa er den einaste vadefuglen som hekkar regelmessig langs Surna, og fantest i dei fleste kartlagte områda. Tjelden hekkar spredt og nokså fåtalig på sandører (1 par ved Røv 25.04.2019). Elles er areala med mudder- og sandbankar som innbyr til rast for trekkande vadefugl nokså avgrensa, og dei fleste vadarane trekkjer truleg forbi og vidare til elevemunningen ved fjorden. Einast enkelte gluttsnipe og skogsnipe var notert på vårtrekk i 2019 (utan hekkeindikasjon seinare i sesongen). Ingen måsefugl viste hekkeatferd. Mindre flokkar av rastande fiskemåse, sildemåse og gråmåse i hekketid kan vera fugl som står over hekking (t.d. ved Mogstad 04.06.2019).

Viktigaste fuglegruppa tilknytta kantskogen kring evjene er sporvefugl. I hekketid var påvist flest artar ved Røv (24) og Omkløvhølen (23), men artsantalet var nokså likt i områda (19-21), bortsett frå Tjuvevja med berre 11 artar. Her vart ikkje påvist nokon fugleart som ikkje fantest i nokon av dei andre områda. Arealet av Tjuvevja er relativt lite, og grunna noko hogst har skogholtet som står att truleg avgrensa verdi som hekkebiotop. Fordi dette området vart inventert berre ein gong, er området utelatt frå vurderingane under. Felles artar sporvefugl for alle dei øvrige sju områda var jarnsporv, måltrast, raudvengtrast, gråtrast, svarttrast, munk, gulsongar og gransongar. Om ikkje alle var like vanlege, synest desse artane altså jamnt utbreidd i Surnas elvekantskogar. Mest talrik var kolonihekkande gråtrast, estimert til nærmare 30 hekkepar ialt, med største bestand ved Mogstad (9 par). Det er uvisst kvifor han ikkje synest etablert for hekking ved Krangnes. I eldre tid - på 1960-talet - var gråtrasten vidare utbreidd enn i dag og vanleg også i bjørkeskogsliene, men forekomsten virkar i dag primært avgrensa til elvekantskogane. Eit interessant trekk er at gulsongar var mest like talrik som

gråtrosten (24 par), og den vanlegaste av songarane. Flest territorie fantest ved Mogstad (7) og Omkløvhølen (6). Til samanlikning forekom munk og gransongar med henholdsvis 17 og 16 par tilsaman for alle områda. Sjeldnaste songar var lauvsongar (4). Også meir krevjande eller varmekjære artar som hagesongar og gråfluesnappar var nokså jamnt utbreidd, og fantest til liks med bjørkefinken i fem av områda. Hagesongar var mest talrik ved Mogstad, gråfluesnappar ved Omkløvhølen (3 par av baa begge stader). Mest fåtalig av sporvefuglar tilknytta skog- og krattvegetasjon var sivsporv, lauvmeis og møllar, kvar påvist i to område (Røv, Krangnes og Mogstad), sjeldnast var tornsongar (Gulla) og vintererle (Omkløvhølen). Etter berre ein sesong er det vanskeleg å vita om dei mest fåtalige artane er knytta til bestemte område eller vekslar tilhald mellom åra (vintererla synest årvisst i Omkløvhølen). Gråsisik vekslar mykje i antal mellom åra, og hadde eit godt hekkeår i 2019 pga rikeleg frøsetting på bjørk og gråor (hekking Setergrytå og Mogstad). Det er truleg at svaler på jakt etter klekkande vatninsekt opptrer i fleire område enn det som var registrert i 2019.

Av amfibiar er både frosk og padde jamnt utbreidd på nordsida av elva (Bolme 2018). Sørsida er meir mangelfullt undersøkt, men frosk og høgst truleg padde har yngleområde ved Røv, frosk også ved Bekkerholmen (ubestemte larver påvist Setergrytå). Kantskogen langs elva med selje og vier er høveleg beiteområde for hjortedyr. I seinare år har også bever slått seg til her. Korvidt han har yngleplassar ved elva er visstnok ikkje klarlagt, men dyr som har tilhald ved Mogstad kan tenkast grava huler i elvemælen for overvintring og kanskje yngling. Det er heller ikkje undersøkt kor vidt utbreidd oteren er i elva og kvar han har yngleplassar (påvist ved Røv og Omkløvhølen).

Registreringane stadfestar at desse vassdragsbiotopane er biologisk rike naturområde. Artsrikdom av hekkefugl var høg i dei seks største og mest velutvikla områda (Røv, Bekkerholmen, Setergrytå, Omkløvhølen, Krangnes og Mogstad). I kvart område fantest 19-24 artar sporvefugl, og totalt artstal for fugl var 24-36. Av andre dyregrupper må forekomst av oter, bever og padde noterast som interessant.

## 4. LITTERATUR

- Aune, E.I., 2005. Kartlegging av biologisk mangfald (naturtypar) i Surnadal kommune. NTNU Vitensk.mus. Rapp. Bot. Ser. 2005-1: 1-52.
- Bolme, G. 2018. Kartlegging av gytelokaliteter av nordpadde (*bufo bufo*) mellom Surna og Fv325, Surnadal kommune. i-trollheimen notat 001-2018. Rindal.
- Gaarder, G., Hanssen, U., 2015. Supplerande naturkartlegging i Surnadal kommune i 2014. Miljøfaglig Utredning Rapport 2015-02:1-31 +vedlegg, ISBN 978-82-8138-752-2.
- Mjelde m.fl., 2014. Kartlegging av kroksjøer og flomdammer i Sør-Trøndelag og Møre og Romsdal
- Stenberg, I. 1985. Orniotologiske undersøkingar i delar av Søyavassdraget som kan bli berørt av det planlagte snekingsprosjektet. Delrapport I til Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Stenberg, I. 2018. Notat om vilt- og fiskeinteresser i vatnbiotopar langs Surna.

